



Riksantikvaren

Dykkar ref.

Vår ref.

24/4227 - 2

Dato

06.06.2024

Høyring Riksantikvarens bevaringsstrategi for landbrukskulturmiljø

Voss herad ved Utval for kultur og næring vedtok i utvalsmøte 5. juni 2024 å senda fylgjande høyringssvar til Riksantikvaren:

Voss herad takkar Riksantikvaren for invitasjonen til å gje innspel til Bevaringsstrategi for landbrukskulturmiljø. Voss er ei av Vestlandets største landbruksbygder med eit stort mangfold av kulturmiljø knytt til landbruket. I 2022 vedtok Voss heradsstyre den nye Kulturmiljøplanen der landbrukskulturmiljø har fått eit eige kapittel. Bevaringsstrategien som no ligg til høyring, har nokre interessante og viktige perspektiv som Voss herad må ta høgd for i rullering av Kulturmiljøplanen. Bevaring gjennom bruk og eit levande landbruk sikrar viktige kulturmiljøverdiar. Samtidig er det nettopp det levande landbruket som kan setja kulturmiljøverdiane under press. Dette dilemma vert løfta fram i strategien og må liggja til grunn for både politikken og forvaltinga av feltet. Det å finna gode og samordna løysingar på dette vert ei grunnleggjande oppgåve framover.

Voss herad støttar Riksantikvaren sitt tverrfaglege fokus som grunnlag for å skapa mangfold, engasjement og berekraft. Bevaringsstrategien for landbrukskulturmiljø er i seg sjølv eit rammeverk for regional og lokal kulturmiljøforvalting. I Strategien skisserer Riksantikvaren ut overordna mål, tema og satsingsområde, men ved å halda strategien på eit overordna nivå, opnar Riksantikvaren eit stort lokalt handlingsrom både i høve mål, prosessar og verkemiddel. Voss herad er glad for denne faglege dreininga i kulturmiljøforvaltinga. Me ser at dersom kulturmiljøarbeidet skal lukkast, må prosessane forankrast lokalt. Dreininga utfordrar difor kulturmiljøforvaltinga til å verta konstruktive tilretteleggjarar for gode, lokalt forankra utviklings- og bevaringsprosessar.

Det er fleire perspektiv og satsingar i bevaringsstrategiane som det er viktig å jobba inn i det lokale planverket. Det gjeld særleg kulturmiljøet som samfunnsressurs og det å balansera vern og utvikling. Vidare peikar bevaringsstrategien på eit svært viktig poeng når det gjeld samordning og samarbeid mellom ulike aktørar, verkemiddelbruk og tilskotsordningar. Dette dreier seg om å byggja strukturar og rammer for samarbeid mellom til dømes kulturmiljøforvaltinga, landbruksforvaltinga, skogbruksnæringa og nærings- og reiseliv. Verkemiddel som kulturmiljøtilskot, regionalt miljøprogram (RMP), SMIL og andre tilskot får monaleg større effekt om dei vert samordna. Dette dreier seg òg om eit kulturelt haldningsarbeid som må liggja til grunn for å lykkast med samarbeidet. Det å sjå kulturmiljøet som ein ressurs i lokal utvikling og ikkje eit hinder, er viktig her. Sjølv om nokre sektorar vil kunne ha motstridande mål, vil føresetnaden for å lykkast vera at alle partar vil verta styrkt av samarbeidet.

Det er vidare viktig å jobba systematisk med kunnskapsutvikling på feltet, både hjå eigalarar og forvaltinga. Det handlar om kunnskap om kulturmiljø, om dei juridiske tilhøva, om tilskotsordningar og det handlingsrommet og dei moglegheitene som finst for å bevara og utvikla kulturmiljøet til ein samfunnsressurs.

Når det gjeld dei strategiske deltemaa har Voss herad følgjande innspel:

Bygningar i jordbruksmiljøet

Jordbruksmiljøet er mangfaldig og stort. Det har prega det norske landskapet både med gardsbygningane, mindre driftsbygninga, utmarksbygninga og bygninga knytt til stølsdrifta. Voss herad støttar Riksantikvaren sitt fokus på dei mindre bygningane i gardens randsone og i utmark. Dette er små upretensiøse bygg som er ute av bruk og ofte lite tilgjengelege. Me ser at desse har hatt eit for svakt vern og er i stor fare for å forsvinna.

Voss herad meiner vektlegginga av einskapslåven er eit godt grep og vonar strategien kan utløysa både tilskot til og nytenking rundt bruken av desse nokså vedlikehaldskrevjande bygga. Særleg taka er ei utfordring, og det endar ofte opp med at redninga vert platetak av ymse kvalitet i staden for opphaveleg taktekke. På Vestlandet er det som regel skifer som har vorte nytta, og sjølv om ein veit at eit godt vålt skifertak er svært slitesterkt, er det mange som ikkje ser seg i stand til å ta denne utgjelta. Skifer er eit kortreist materiale som er godt eigna for gjenbruk. Ei målretta satsing på skifertak generelt ville kunne få fleire gode ringverknader, både for miljøet og for å oppretthalda viktig handverkskompetanse.

Voss har framleis eit levande stølsmiljø, men er også ein av landets største hyttekommunar og ser at dette legg eit stort press på kulturmiljølandskapa. Voss herad støttar Riksantikvaren når dei lyftar fram stølshusa som viktige kulturminne, og ser at det vert viktig å samordna verkemiddelbruken for å kunna ta i vare kulturmiljøa gjennom aktiv bruk. Stølslandskapet er ein del av opplevelingane i og av landskapet som er viktig for friluftslivet og reiselivet i heradet.

Landbrukslandskapet

Riksantikvaren peikar på at landbrukslandskapet er under sterkt press. Det gjeld både i høve klimaendringar og strukturelle endringar i landbruksmiljøet i landbrukslandskapet. Dei peiker videre på at det er viktig med målretta innsats der kulturmiljøverdiane samla sett gjev landskapet høg verdi. Det skal utarbeidast oversikter over kulturmiljø av nasjonal verdi, men like viktig vert det for den lokale forvaltinga å definera kva som er høg kulturmiljøverdi lokalt sett. Bevaringsstrategien opnar for denne lokale tilpassinga, og det er Voss herad glad for.

Voss herad ynskjer å peika på at eit levande landbruk med respekt for kulturmiljøverdiane svarar ut fleire nasjonale og lokale mål. Naturmangfold er eit viktig berekraftsmål og ein samla innsats for kultur- og naturverdiane i landbruksmiljøet er gjensidig styrkande og sikrar dermed fleire berekraftsmål.

Kulturmiljø i skogen

Voss herad er ei av dei få innlandsbygdene på Vestlandet, og har aktiv skogdrift. Før kommunenesamanslåinga marknadsførte Granvin herad (som no er del av Voss herad) seg som Trebygda Granvin. Her finn me også Moelven Granvin bruk som ei viktig hjørnestensbedrift. I heradet er det også mange handverkarar som har spesialisert seg på restaurering av historiske bygg og tradisjonelt handverk. Materialtilgang og materialkunnskap er ein viktig del av denne verksemda, og er også grunnleggjande for gode resultat i bygningsvernet. Voss herad er glad for at dette vert eit tema i bevaringsstrategien.

Voss herad meiner på den andre sida at deltemaaet i det store er formulert for ei skognæring som ikkje er relevant for korkje Voss eller store deler av kystnorge. Når skogkoier og tømmerfløytinga sin infrastruktur vert løfta fram som særskilt utsett, er dette ei historie som ikkje er relevant for store delar av landet. Avsnittet Skogbruksmiljø burde difor ikkje vore så spissa, men meir ope formulert for å inkludera skogens kulturmiljø ut over skogbygdene på Austlandet.

Kulturmiljø etter reindrift med vekt på tamreindrift

Den samiske historia har gjennom tidene vorte underkommunisert og lite omsynstatt. Voss herad støttar det å gje tamreindrifta eit særleg omsyn. Dette er ein del av norsk historie der me har mykje å ta igjen. Voss herad vil likevel peika på at det har vore noko tamreindrift lokalt i vår kommune, og at det har vore drifta rein på Hardangervidda. Kultur- og kunnskapsutvekslinga mellom desse områda og

den samiske befolkninga har vore til stades. Dette er ei side av denne historia som er lite forska på og kunne vore peikt på i deltema om tamreindrift.

Til slutt vil Voss herad peika på at **verkemidlane må styrkast**. I kulturmiljøvernnet vert det presisert at tilskot skal dekka dei antikvariske meirkostnadane ved restaurering av freda og verneverdige bygg og anlegg. På same vis må landbrukets kulturmiljø verta kompensert for meirkostnaden ved bevaring. Til dømes vil ein einskapslåve som har gått ut av drift kunne få ny bruk, men det vil ofte vera rimelegare for bonden å byggja eit nystandardbygg utanfor tunet. Meirkostnaden med ombygging bør vera eit felles ansvar for eigar og ei samla forvalting. Landbrukets kulturmiljø er spesielt synlege og tydelege historiske og identitetsmessige markørar i landskapet, og det vil vera vårt felles ansvar å sikra at desse ikkje går tapt.

Med venleg helsing

Voss herad

Anne Arneberg
Konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur